

Innretting og kriteria for Vestland fylkeskommune sin ordning med driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne i Vestland.

Lagt fram til vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og integrering den 04.06.2020

Tilskot til drift av kulturminne skal stø opp om det store arbeidet frivillige lag og organisasjonar i heile Vestland tek på seg for å ta vare på vår felles kulturarv. Tilskotsordninga er retta mot frivillige kulturvernorganisasjonar som forvaltar faste kulturminne av høg regional eller nasjonal verdi i Vestland.

Med drift vert meint det å halde i gang ein organisasjon, ein institusjon eller liknande. Drifta skal bidra til at allmenta kan delta i opplevelingar og bruk av kulturminne samt bidra til vedlikehald og skjøtsel av dei.

Gjennom dette skal ordninga motverke forfall, fremje godt vedlikehald og stimulere til at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.

Føremål med tilskotsordninga

Driftstilskotet har som føremål å stimulera til auka frivillig aktivitet for å ta vare på faste kulturminne, kulturmiljø og landskap av regional og nasjonal verdi og at desse kulturminneressursane vert overført til kommande generasjonar:

- Driftstilskotet skal bidra til at kulturminna er i bruk, noko som igjen fører til at kulturarven vår vert vedlikehalden og har ei stabil høg teknisk tilstandsgrad.
- Stimulere til at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Legge til rette for at ulike brukargrupper og ålmenta får ta del i vår felles kulturarv.

Kva kan du få støtte til:

Driftstilskotet skal har eit langsigkt, strategisk preg, og gå til det varige føremålet at regionalt og nasjonalt verdifulle kulturminne skal takast vare på som del av vår felles kulturarv og identitet, samt kjelde for kunnskap, oppleveling og verdiskaping for nålevande og framtidige generasjonar.

Døme på tiltak du kan få støtte:

- Administrasjon av drifta av eigedomen, inkludert arbeid knytt til å ha kulturminnet ope for allmenta
- Organisering av vedlikehald
- Hjelp til finansiering av forsikring
- Drift av brannvarsling og sløkkeanlegg
- Organisering av brannsikringstiltak
- Formidling og tilrettelegging til besökande, organisering av kurs og skjøtselstiltak.

Kva kan du ikkje få støtte til:

Kostnadar som ikkje er relatert til å oppretthalde kjerneverksemda, forvaltning av faste kulturminne, fell utanom denne ordninga. Døme på tiltak du ikkje kan få støtte til er:

- Investeringar
- Utvidingar og/eller omorganisering av eksisterande verksem
- Marknadsføring
- Utviklingsprosjekt eller utbetringstiltak på kulturminne som fell inn under andre tilskotsordningar

Kven kan søkje

Frivillige organisasjonar i Vestland fylke med ei demokratisk oppbygging, stiftingar og ideelle aksjeselskap med ansvar for vedlikehald og/eller formidling av faste kulturminne av høg regional eller nasjonal verdi i Vestland.

I særskilde tilfelle kan private eigarar søkje om driftstilskot, etter ei fagleg tilråding frå Vestland fylkeskommune. Den faglege vurderinga vil legge til grunn følgjande moment:

- omfang/kompleksitet av vedlikehald
- høg kulturminneverdi
- låg bruksverdi
- om kulturminne vert tilgjengeleg for ålmenta som fellesgode.

Alle friviljuge organisasjonar, lag og grupper må vere registrert i Frivillighetsregisteret i Brønnøysund og ha organisasjonsnummer.

Søkjar må legge ved rekneskap og rapport for føregåande år, i tillegg til budsjett for inneverande år.

Regional og nasjonal verdi

Ordninga er retta mot forvaltarar av faste kulturminne (med omgjevnader) av nasjonal eller regional verdi:

- Kulturminne av nasjonal verdi som er freda etter Lov om kulturminne
- Kulturminne av regional verdi bør som hovudregel ha eit formelt, juridisk vern heimla plan- og bygningslova ved å vere regulert til bevaring/omsynssone i arealplanar og/eller prioritert i kulturminneplan

Som regional kulturminnemynde vurderer og avgjer kulturarvseksjonen om eit kulturminne er av regional interesse, ut frå kva grad det er berarar av ein felles, regional soge. Regionen har både særprega, unike og typiske kulturminne som samla skal gje ein representativ dokumentasjon av kulturmiljø i regionen.

Kriterium for tildeling

Driftstilskotet sin storleik vert vurdert heilskapleg ut frå følgjande moment:

- Eigarskap til kulturminne, kompleksitet og storleik på kulturminne
- Organiseringa av vedlikehald og kostnadene med dette
- Drift av brannvarsling og sløkkeanlegg
- Finansiering av forsikring
- Organisering av kurs og kompetansebygging med tradisjonelle handverksteknikkar
- Formidling og i kva grad aktivitetane kjem ålmenta til gode:
 - Dokumenterte utgifter til formidling (omvisingar, digitale og trykte media, skilting, o.l.)
 - Tilrettelegging for ulike brukargrupper. Samspele og kunnskapsoverføring mellom eldre og yngre generasjonar vert prioritert.

Kven kan ikkje søkje

Private eigarar, kommersielle aksjeselskap, kommunar, fylke og stat har eit sjølvstendig eigaransvar for kulturminne og kan ikkje søkje om driftsstønad til forvaltning av faste kulturminne i Vestland.

Driftsstønad vert ikkje gitt til forvaltarar som er dekka av andre offentlege driftstilskotsordningar knytt til dei konsoliderte musea, verna fartøy, skjøtsel av arkeologiske kulturminne eller utvalde kulturlandskap i jordbruksområdet.

Søknadsfrist

Søknadsfrist for tilskot i 2021 er 1. november 2020.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjer vedtak om fordeling av midlane.

Kor mykje kan det søkjast om støtte til?

Det er ikkje sett avgrensing på søknadssum. Det fylkeskommunale tilskotet skal som hovudregel ikkje overstige 50% av kostnadane.

Ytterlegare moment ved vurdering av søknad

- Arbeidsgjevaransvar
- Medlemstal og nyrekryttering
- Fylkesfemnande organisasjonar
- Tradisjonell bruk/verksemeld
- Kulturminnet sin kulturminneverdi

Krav til søknaden

Det er utarbeidd eige elektronisk søknadsskjema som skal nyttast ved søknad til Vestland fylkeskommune. Søkjar må gje kontaktinformasjon som namn, adresse, telefonnummer og organisasjonsnummer, alt. personnummer.

Søknaden må innehalde ei skildring av kva det vert søkt støtte til. Eventuelle samarbeidspartar må synleggjera. Naudsynte vedlegg slik som arbeidsplan og budsjett må følgje søknaden, eller ettersendast dersom dei ikkje er klare på søknadstidspunktet (t.d. årsmelding og rekneskap).

Søknaden må innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon og minst gjere greie for følgjande:

- Vernestatus for kulturminne
- Behov for driftstilskotet og målsetnad
- Plan for gjennomføring og bruk av midlane
- Punktvise informasjon om stønad til konkrete utgifter til forvaltings- eller driftsoppgåver
- Finansieringsplan og detaljert budsjett (skal nyttast til seinare rapportering)
- Effekt av tilskotet for ålmenta

Søknaden skal vere signert av ansvarleg søker. Dersom andre enn eigar er søker, skal søknaden også vere signert av eigar eller rett representant for eigar. Dersom søkeren er mangefull, kan det verte høve til å rette dette innan ein nærmare fastsett frist. Dersom manglane ikkje er retta innan fristen, kan søkeren verte avvist.

For å få tilskot er det ein føresetnad at søkeren fell inn under målet for ordninga. Ved fordeling av tilskot skal fylkeskommunen gje ei samla fagleg vurdering av søkeren.

De vil få tilsendt svar på dykker søknad innan februar i det påfølgende år.

I tillegg til søknad må det vere levert godkjend rapport og rekneskap for året før for at søknaden skal verte handsama.

Oppfølging og rapportering

Det skal sendast inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding som vedlegg til ny søknad innan 1. november kvart år.

Søkjar skal rapportera status innan utgangen av tildelingsåret og endelig rapport må innleverast innan 1. november i det påfølgende år. Rapporten skal innehalde:

- Relevant dokumentasjon som klart viser korleis drift og forvaltning er gjennomført og om måla er nådd
- Utgreiing av gjennomført drift og eventuelle avvik frå budsjett/planen for arbeidet
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og samla finansiering, spesifisert på:
 - Stat eller fylkeskommune
 - Kommune
 - Tilskot frå andre offentlege organ (t.d. Kulturminnefondet, Kulturrådet)
 - Anna finansiering (spesifisert)
 - Eigeninnsats/eigen finansiering

Søkjar skal elles varsle fylkeskommunen dersom ein ønsker å gjere vesentlege avvik frå søknaden.

Om tilskotsmottakar er knytt til revisor og tilskotet er kr 300 000 eller høgare, skal tilskotsmottakar også sende inn revidert årsrekneskap, signert av tilskotsmottakar, evt. ved styret.

For verksemder som ikkje er revisjonsplikta, gjeld følgjande:

Regnskapet kan verte kontrollert av autorisert rekneskapsførar. Dersom Vestland fylkeskommune ønskjer det, kan det også krevjast særattestasjon fra revisor på rekneskapen og evt. timelister knytt til arbeidet/drifta.

Følgjande kontrollhandlingar skal da utførast:

- stikkprøvebasert kontroll av eit utval kostnadspostar i rekneskapen mot underliggende dokumentasjon (bilag). Kostnadene skal vere innanfor de rammer som er godkjent i tilsegnsbrevet frå Vestland fylkeskommune.

Generelt gjeld det at fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.

Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at utbetalingar vert haldne attende og at vedtaket om tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

Misleghald

Om kostnadene vert rimelegare enn budsjettet i søknad, eller om drifta ikkje vart gjennomført etter føresetnadene, skal dei overskytande midlane først attende til fylkeskommunen. Dersom mottakar gir uriktige opplysningar eller det ligg føre vesentlege avvik frå søknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Klage

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klage vert sendt til Vestland fylkeskommune, Avdeling for kultur, idrett og inkludering. Klagefrist er 3 veker fra søker mottok underretninga om vedtaket.

I Vestland fylkeskommune si underretning til søkerane om vedtak skal det mellom anna opplyst om klagetilgang, klagefrist og partsinnsyn mv., jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.